

# **Driftsavtale ungdomskontakten Salto**

**mellom**

**Radøy kommune og Lindås kommune**

**2016-2018**

## **Innleiing**

Ungdomskontakten Salto starta opp som eit treårig prosjekt den 01.09.2007, som eit samarbeid mellom sju kommunar i Nordhordland, Knarvik senter, kyrkja, politiet og den vidaregåande skulen i Knarvik. Etter prosjektperioden har tiltaket vore i drift frå januar 2011.

## **Målsetjing for tiltaket**

- Oppretthalde drift av lågterskel-tilbod for uorganisert ungdom (rus, valds- og kriminalitetsførebyggjande tiltak)
- Førebyggje vald gjennom tidleg observasjon og intervensjon mot ungdom i faresona
- Hjelp ungdomar til å meistre utfordringar i livet gjennom tilbod om vaksenkontakt

## **Vurdering av resultat**

Prosjektet vart evaluert i 2010, der ein konkluderte med at regionen hadde fått mykje ut av relativt få midlar, at tiltaket har treft i høve til målsetjinga samt at Ungdomskontakten når vanskelegstilt ungdom på andre arena og tidspunkt, samt med andre verkemidlar enn hjelpeapparatet kan tilby.

Arne Klyve ved Stiftelsen Bergensklinikkane (2010) skriv at tiltaket Ungdomskontakten truleg er ein av dei mest økonomisk fornuftige måtane å drive førebygging på. Tiltaket kostar lite, når mange ungdomar og er ikkje stigmatiserande. Han viser til at i ei tung ruskarriere, har ein kostnad sju gongar det tiltaket kostar.

Dei siste åra har det vore registrert om lag 6000 årlege besøk på Salto. Der ungdomane tidlegare år gjekk meir til og frå staden, ser ein no at dei unge vert verande lengre i lokalet. I perioden frå 2008 og fram til slutten av april 2015 har ein gjennomført eit eige «naskeritiltak» for Knarvik senter - 55 naskarar i Knarvik senter har vore til samtalar på Salto. To har hatt tilbakefall.

## Avtale

### 1. Arbeidsgjevaransvar

Lindås kommune har arbeidsgjevaransvaret for Ungdomskontakten Salto.

### 2. Drift, periode 2016-2018

Fordeling av kostnader mellom kommunane i perioden 2016-2018 tek utgangspunkt i budsjett 2015. \*

Kommune	Prosentfordeling av kostandene **	1000 kr
Lindås	68	863
Meland	16	203
Masfjorden	6	76
Radøy	4	51
Austrheim	2	25
Modalen	2	25
Fedje	2	25
<b>SUM</b>	<b>100</b>	<b>1268</b>

\* Auke i lønnsutgifter for dei tilsette i samband med årlege lønnsoppgjer og eventuell auke i andre naudsynte utgifter for perioden 2016-2018 kjem i tillegg.

\*\* Prosentfordeling tilsvarande ca. besøkstal frå dei ulike kommunane

Knarvik senter gir tilskott til Ungdomskontakten Salto gjennom å stille kostnadsfrie lokale disposisjon inklusiv straum – tilsvarande om lag 150.000 kr. pr. år (Justert opp kr. 110.000 med 3,6 %).

### Årsverk

- Ungdomskontakten Salto har høgskuleutdanna fast tilsette – tilsvarande 2 årsverk.
- I tillegg til dei fast tilsette deltek Modalen kommune på eige initiativ.

### 3. Driftsnivå

- Driftsnivå blir fastsett via driftsavgiftar gjeldande for følgjande tre år: 2016-2017-2018. Driftsavgiften skal handsamast i den einaskilde kommune.
- Eventuelle endringar i driftsnivå skal godkjennast av kvar einaskild kommune, i dei tilfelle der dette får verknad for årleg tilskott.

### 4. Tilbod til samarbeidskommunane

- Kjerneaktiviteten «ope hus» på treffstaden Salto, med opningstid verkedagar kl. 13.30-15.30, med unntak av onsdagar, som har ope kl. 13.30-20.30
- Oppsøkjande verksemd – Knarvik senter (Tilsette ved Salto snakkar med ungdom både før, under og etter skuletid)
- ART – «Agression Replacement Training», metode for å hjelpe ungdom til å etablere alternative haldningar til aggresjon og vald.

- Samarbeid med barnevernstenesta, helsetenesta, rådgjevar ved Knarvik vidaregåande skule, oppfølgingstenesta til fylkeskommunen (OT/PPT), NAV samt frivillige lag og organisasjonar, i tillegg til samarbeid med Knarvik senter.

#### 5. Rådgjevande referansegruppa

Politirådet sør/nord er samansett av representantar frå kommunane i regionen, politiet med fleire.

Politirådet skal sjå til at det vert peika ut representantar til referansegruppa for avtaleperioden. Det er ein føremon om det er representasjon frå politiråd både i sør og nord.

Oppgåver til referansegruppa:

- Gje synspunkt og råd i høve til tema og problemstillingar som blir tatt opp
- Ta opp saker på eige initiativ
- Fastsetje møteplan

#### 6. Rapportering til samarbeidskommunane og politiråd

Felles politiråd sør/nord samt samarbeidskommunane skal ha årleg rapportering om status og utvikling i tiltaket. Frist: 1.februar.

Det skal gjennomførast ei brukarundersøking i løpet av 2016, og resultat frå denne vert lagt fram ved årsrapporteringa.

Lindås kommune

Radøy kommune

Dato: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Rådmann

Rådmann